



www.voss.kyrkja.no

Nr 2 | 2026 | 85. årg

# KYRKJENYTT

for Vossabygdene



GRANVIN KYRKJE  
300 ÅR

6-7

MØT  
DIAKONANE

8-9

MØT KYRKJEGARDS-  
ARBEIDARANE

10-11

DE HISTORISKE

DÅP, KONFIRMASJON, BRYLLUP, MERKEDAGER OG SMÅ OG STORE SELSKAP  
T: 56 52 05 00

DET ER NOE MED FLEISCHER'S

Hit kom de, prinser og prinsesser, konger og dronninger, fyrster og keisere. Til Voss. Til sin forbauselse ankom de så et hotell med en forunderlig, velkjent atmosfære av fornemme, kontinentale vaner, av dannet gjestfrihet.

MED TRADISJON FOR STORSLAGNE BEGIVENHETER

FLEISCHER'S HOTEL  
ANNO 1864

f t i c  
56 52 05 00 hotel@fleischers.no fleischers.no

### Om Kyrkjenytt:

Kyrkjenytt vert utgjeve av Voss kyrkjelege fellesråd saman med sokneråda i Evanger og Bolstad, Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin.

I redaksjonsnemnda sit: Bjørg Helland, Ellen Iren Johansen Århus, Heidi Hisdal, Jan Ivar Rødland, Margunn Mørkve og Knut Skiple.

Redaktør: Jorunn Våle Tonckens  
Tlf 905 82 101.

E-post: kyrkjenytt.voss@kyrkja.no  
Grafisk produksjon: Wenche Horvei  
Trykkeri: Molvik Grafisk AS  
Opplag: 7400 eksemplar

Kyrkjenytt for Vossabygdene kjem ut som fulltdistribusjon. Det tyder at det vert lagt i postkassene til alle husstandar i Voss herad.

**Framsdebilete: Jorunn Våle Tonckens**

### Voss kyrkjelege fellesråd:

**Kyrkjeverje** Tor Ivar Johnsson

Tlf 468 72 909. E-post: tj656@kyrkja.no

**Assisterande kyrkjeverje**

Kjersti Vestrheim Helland

Tlf 900 79 805. E-post: kv934@kyrkja.no

**Kateket** Rønnaug Eng Skjeldal

Tlf 952 62 025. E-post: rs625@kyrkja.no

**Kyrkjelydspedagog** Camilla M. Velsvik

Tlf 995 18 194. E-post: cs222@kyrkja.no

**Kyrkjelydsarbeidar, trusopplæring**

Åshild Bø Kharazmi

Tlf 952 98 681. E-post: ak649@kyrkja.no

**Diakon** Sigrid Djukastein Mala

Tlf 478 49 134. E-post: sm435@kyrkja.no

**Diakonimedarbeidar** Anja Slåtten

Tlf 417 04 958. E-post: as257@kyrkja.no

**Organist** Gohar Marandyan

Tlf 482 26 390. E-post: gm282@kyrkja.no

**Organist** Frode Vik

Tlf 952 62 084. E-post: fv586@kyrkja.no

**Organist** Ellen Marie Selland Geithung

Tlf 980 64 594. E-post: eg395@kyrkja.no

**Organist** Edyta Bryk

Tlf 954 30 695. E-post: ebryk@interia.pl

**Kyrkjetenar på Bolstad** Anny Forthun

Tlf 481 36 520.

**Kyrkjetenar på Evanger** Nora Mykkeltvedt

Tlf 952 79 970.

**Kyrkjetenar på Voss** Thomas Velsvik

Tlf 414 75 383.

**Kyrkjetenar i Granvin** Ingvild Baartvedt

Tlf 468 98 970.

**Kyrkjetenar på Oppheim og Vinje**

Trond Olav Neteland

Tlf 957 02 327.

**Kyrkjetenar i Raundalen** Nils Lid

Tlf 901 36 496.

**Oppsynsmann for kyrkjegardane** Hege Ukvitne

Tlf 918 74 201.

**Kontormedarbeidarar** Idunn Holen,

Jorunn Våle Tonckens og Lene Brunborg.

**Fellessrådsleiar** Linda Utne Tvinde

Tlf 401 02 129

### Soknerådsleiarar:

**Evanger og Bolstad:** Anny Forthun

Tlf 481 36 520.

**Voss:** Randi Kløve

Tlf 952 06 177.

**Oppheim:** Heidi Hisdal

Tlf 992 54 932.

**Vinje:** Rigmor Ulvund

Tlf 990 33 293.

**Raundalen:** Nanna Nordahl

Tlf 917 58 826.

**Granvin:** Sigvor Melve Schrey

Tlf 911 32 608.

Neste nummer kjem i siste halvdel av september. Frist for innlevering av stoff er måndag 31. august.

### Prestetenesta:

**Prost i Hardanger og Voss** Arild Hellesøy

Tlf 906 99 533. E-post: ah539@kyrkja.no

**Sokneprest i Voss** Hans-Christian Küspert

Tlf 954 50 572. E-post: hk782@kyrkja.no

**Sokneprest i Vinje, Oppheim og**

**Raundalen** Arnulf Sandvik

Tlf 416 75 653. E-post: as794@kyrkja.no

**Sokneprest i Evanger og Bolstad**

Frode Kvamsøe

Tlf 901 96 514. E-post: fk796@kyrkja.no

**Sokneprest i Granvin og Ulvik**

Anne Marthe Ulvik

Tlf 924 35 096. E-post: au237@kyrkja.no

**Ungdomsprest** Vetle Leksbø

Tlf 947 93 477. E-post: vl555@kyrkja.no

### Kyrkjekontoret på Voss:

Opnings-/ Måndag-fredag 10-14

telefontider: Onsdag 12-14

Besøksadresse: Uttrågata 5

Postadresse: Voss kyrkjelege fellesråd,

PB 49, 5701 Voss

Telefon: 56 52 38 80

E-post: post.voss@kyrkja.no

Heimeside: www.voss.kyrkja.no

Kontonr: 3480.16.45293

### Besøk gjerne heimesida vår:

[www.voss.kyrkja.no](http://www.voss.kyrkja.no)

Her finn du informasjon om gudstenester, trusopplæringstiltak, påmelding til dåp og mykje anna.

### Kyrkja på Voss er på Facebook. Følg oss!!



#### Skann meg!

Bruk ein mobiltelefon og skann denne qr-koden anten med ein qr-app eller via kamera (Apple-produkter).

 Gravplass i Voss

### Gravplassadministrasjonen i Voss herad

har kontor i Uttrågata 5

(Kyrkjetunet),

tlf. 56 52 38 80.

Gravplassforvaltar er Tor Ivar Johnsson.





Andakt av Olly Hauge Langehaug

Vanskeleg??? Jol og påske er meir «jordnært»: Jesus blir fødd - Jesus blir krossfest og står opp att. Jau, det kan me! Men pinse - noko mystisk?

Me les: Læresveinane var samla i ein sal. Der kom brus frå himmelen, som når ein vind fer fram - og den fylte heile huset dei sat i. Dei fekk sjå tunger liksom av eld, som skilde seg og sette seg på kvar av dei. Då vart dei fylt av Den heilage ande OG dei tok til å tala på andre tungemål etter som anden GAV dei å forkynna!

NO er lovnaden oppfylt! Jesus hadde då sagt at Talsmannen skulle koma. DÅ skulle dei få kraft til å gå vidare. TALSMANNEN - det skjønar me. Den som skal tala for oss og med oss. Den som skal gje oss rettleiing og syna oss vegen.

Det er TRE - GUD, JESUS og TALSMANNEN (Den heilage ande). TRE, men samstundes EIN! Det går då ikkje an, meinte ein av elevane mine ein gong. Kva svarar ein då? Heilt forståeleg at ein tenkjer slik. Eg hadde ein god kollega, som eg bruka som bilete då. Eg sa det slik: Han er far, bonde og lærar, MEN han er då berre EIN! Det var alle einige i. TRE og EIN. JAU, det går an!

Altså kan me få tru at Gud er tre, samstundes som han er ein. Ein prest sa det så talande ein gong: Eg ser det slik at Gud og Jesus sit i himmelen og planlegg for oss. Så sender dei Den heilage ande av stad og «gjer arbeidet gjennom oss». Det tykte eg var både trygt og godt å høyra. Altså er pinse og

Talsmannen like viktig for oss som jol og påske.

Skulle me tenkja litt over det:

- Me er aldri åleine!
- Me kan få styrke og hjelp i kvardagen NÅR me treng det!
- Me kan bli minna om å gje hjelp til ein som treng det - og som me kanskje ikkje såg.
- Me kan få fortelja om trua vår til nære, og kanskje ikkje minst «til jordas ende». Misjon, heime og ute - det er når me har ein god budskap å bera fram.
- At me har ein Gud som skapte oss, elska oss.
- Ein Jesus som frelste oss på korset.
- Ein Talsmann som me kan snakka med og få hjelp hjå i kvardagen.

DET er pinsebodskapet som Peter tala om pinsedagen. NO sveik han ikkje Jesus! Uredd og sterk stod han der. 3000 menneske vart lagt til kyrkjelyden den dagen, står det. Dyktige Peter? Nei, Peter var den same, men no var det Talsmannen som tala, gjennom han. Peter var villig til å la seg bruka!

Det er vel det spørsmålet me får alle - og må svara på: Er me villige? DÅ er eg sikker på at Gud og Jesus planlegg mykje for oss, og at Talsmannen VIL utføra desse planane i liva våre! Lukke til!

GOD PINSE!

# Pinse-quiz

Pinna er kanskje ikkje den heilagdagen du veit mest om. Her kjem fem spørsmål som du kan prøva deg på. Kanskje er det kjekt å ta quizen saman med vener eller familie? Fasit finn du på side 13!

## 1. Datoen for pinna varierer frå år til år.

### Kva avgjer når pinna kjem?

- a) Den blir flytta éin dag framover kvart år (med unntak av skotår, når den blir flytta to dagar fram)
- b) Den heilage ande openberrar det for paven, seinast innan utgangen av februar
- c) Den kjem alltid på den sjuande søndagen etter påske
- d) Det blir bestemt av Stortinget frå år til år

## 2. Kvifor kallar ein pinna «kyrkja sin fødselsdag»?

- a) Fordi eldtungene som kom over apostlane på pinsedag er til forveksling like lysa på ei blautkake
- b) Fordi då Den heilage ande kom over apostlane og mange tok imot bodskapen, la det grunnlaget for dei første kristne kyrkjelydane
- c) Fordi det skjedde på fødselsdagen til apostelen Peter, som er klippa Jesus ville byggja kyrkja si på
- d) Fordi det vart vedteke på kyrkjemøtet i Nikea i år 325 at dette skulle vera kallenamnet til pinna

## 3. Kva for ein av desse tinga skjedde ikkje i pinna?

- a) Folk trudde apostlane var fulle
- b) Det vart samla inn ein kollekt som var så stor at han ikkje kunne teljast av apostlane
- c) Over 3000 folk samla seg på grunn av ein sterk lyd som høyrdest ut som ein kraftig vind frå himmelen
- d) Folk frå ulike land høyrde alt som vart sagt på sine egne språk




Foto: Pexels

## 4. Ordet pinse kjem av det greske ordet «pentekoste». Kva betyr det?

- a) Femtiande
- b) Den heilage ande
- c) Tungetale
- d) Bursdag

## 5. Når er neste heilagdag (etter 2. pinsedag)?

- a) Olsok
- b) Sankthansaftan
- c) Farsdag
- d) Første juledag

Quizen er henta frå nettsida itro.no og trykt med velvillig løyve.

## Ord til ettertanke

Tekst og foto: Hildebjørg Djupvik



på vandringa  
ved hans side  
i orda han forklarte  
forstod vi berre glimtvis  
der på stranda  
ved bålet  
i måltidet med han  
vart augo opna  
gleda kom og var  
kom du som er og gjer levande

@hildedjup

# KONFIRMANTAN 2027

## Konfirmasjon i 2027

**Snart konfirmant?** På nettsida vår, [www.voss.kyrkja.no](http://www.voss.kyrkja.no), legg me ut informasjon om konfirmasjonstilbodet og påmelding fortløpande.

Aktuelle ungdomar fødde i 2012, som me har postadresse til, vil få tilsendt invitasjon i posten. Invitasjonane vil også verte lagt ut på nettsida vår.

Informasjonsmøte for komande konfirmantar og føresette vert avhalde slik:

**Konfirmantar i Vangskyrkja, Evanger kyrkje og Raundalskyrkja:**

*Onsdag 27. mai kl. 19.00 i Vangskyrkja.*

**Konfirmantar på Vossestrand:** *Onsdag 10. juni kl. 18-19 i Kyrkjestova på Oppheim.*

**Konfirmantar i Granvin:** *Tysdag 9. juni kl. 17.00 i Granvin kyrkje.*

Påmeldinga skjer via skjema på nettsida vår. Me vil gjerne ha påmelding før sommarferien.

Har du spørsmål, kan du kontakta kateket Rønnaug Skjeldal. Vi ynskjer velkomen til ei fin tid som konfirmant!

## Fasteaksjon Vossestrand 2026

Tekst og bilete: Anja Kristin Slåtten

Hjarteleg takk til alle dykk som gav ei gåve, og som hjelpte til i årets fasteaksjon på Vossestrand.

Tusen takk til konfirmantane og til foreldre som køyrde, baka gode kaker og pizzaer. Og til soknerådet som registrerte alt som var komme inn. Godt samarbeid og god innsats av alle.

Dette var veldig kjekt!

*Konfirmantane på Vossestrand klare for innsamling til Kirkens Nødhjelp.*



## Resultat av fasteaksjonen

Fasteaksjonen var gjennomført i veka før påske i alle sokna våre. Tusen takk for innsatsen alle som gjekk med bøsser eller som oppfordra folk til å gje til Kirkens Nødhjelp.

Resultatet vart slik:

Voss sokn:	<b>Kr 71.274</b>
Raundalen sokn:	<b>Kr 1.799</b>
Evanger og Bolstad sokn:	<b>Kr 14.175</b>
Granvin sokn:	<b>Kr 2.047</b>
Vinje og Oppheim sokn:	<b>Kr 15.849</b>



# Kyrkja i Granvin 300

Alt i 1306 er det nemnt at der er ei stavkyrkje i Granvin.

Tekst: Jan Ivar Rødland

Denne vart seinare riven, i cirka 1725, og den noverande kyrkja vart reist og stod ferdig i 1726. Kyrkja vart bygd i lafta tømmer av Kristoffer Amundsen Øydvin og svigersonen Sjur Gunnarson Ringøy. Tømmeret vart hogge i Kyrkjeteigen i Granvin med hjelp frå bygdefolket.

Få år etter ho vart bygd, vart det måla med akantusranker og profetar inne i kyrkja. I dag kan ein oppe på galleriet sjå restar av denne målinga. Seinare vart ho måla kvit både innvendig og utvendig. I samband med 200-årsjubileet 28. november 1926, fekk kyrkja ny målingsdekor, måla av Lars Osa. Øvst på veggene snor akantusrankene seg rundt. Elles er veggene måla i ein varm grønfarge.

I kyrkja er det mange små og store skattar, og desse er omtalt i vår jubileumsbok som kjem ut 1. juni. Blant

anna er Norges eldste kyrkjeklokke her, døypefont frå 1500-talet og altertavla måla av Nils Bergslien. På historisk museum i Bergen er det også bevart kyrkjekunst frå mellomalderen som stammar frå Granvin.

I jubileumshelga 13.-14. juni vert det skipa til ein jubileumskonert på laurdagskvelden, der vår eigen Knut Hamre er ansvarleg med å setja saman ein konsert. Her vil lokale musikarar og folkemusikk vera hovudtema.

Sundag 14. juni er det jubileumsgudsteneste med besøk av biskop



Alteret og altertavla ca. 1909. I 1853 vart kyrkja måla kvit utvendig, ca. 1857 vart den og kvitmåla innvendig. Frå først av var veggene dekorert med akantusranker og profetar. Handskrift på foto: "Det er den nye altertavla i kyrkja vår, ho er gjevi av Granvitas ungdomslag. Det er Berslien i Eidjord som har måla henne". Foto utlånt frå Jan Ivar Rødland.



Koret i Granvin kyrkje, 1996. Til 200-årsjubileet i 1926 fekk kyrkja ny innvendig dekor, måla av Lars Osa. I høgre hjørna sår ein gamal prosesjonsstav frå stavkyrkja. Døypefonten i kleberstein er frå tidleg 1500-tal. Foto: Arne Meyer.

Aud G. Dalen-Haugland

## Kyrkja i Granvin

Tidlegare kyrkjetenar i Granvin, Aud Gurine, har mykje kunnskap om kyrkja. Her fortel ho om kyrkja og om skattane inni kyrkja.

I eit dokument frå 1306 er det nemnt at der er ei stavkyrkje i Granvin. Det er fyrste gong ein høyrer om kyrkja. Denne vart seinare riven, i ca 1725, og den noverande kyrkja vart reist og stod ferdig i 1726.

Så kva veit me om denne kyrkja?

Kyrkja vart bygd i lafta tømmer av Kristoffer Amundsen Øydvin og svigersonen Sjur Gunnarson Ringøy. Tømmeret vart hogge i Kyrkjeteigen med hjelp frå bygdefolket.

Side 20-21 i den nye jubileumsboka på over 130 sider som kjem ut 1. juni i år.

# år i 2026

Ragnhild Jepsen. Her vil også lokale musikarar vere del av gudstenesta. Som avslutting av jubileums-helga vert det samling med middag i Trudvang i Granvin. Ein planlegg også å nytta den gamle kyrkjebussen frå HSD som transport mellom kyrkja og Trudvang.

Me håpar at det vil synast i bygda at ein skal feira kyrkja vår med eit 300-årsjubileum. Granvin kyrkje er den neste eldste kyrkja i Voss herad.

I samband med dette jubileet har Granvin sokneråd fått sponsorstøtte frå Voss Sparebank, Bygdeutviklingsfondet i Granvin og Sparebankstiftinga Hardanger. Soknerådet i Granvin TAKKAR for all stønad ein har fått, utan desse hadde ein ikkje klart å fått gjennomført dette jubileet.



Granvin kyrkje anno 2026. Foto: Jorunn Våle Tonckens

## DEN GAMLE KYRKJEKLOKKA SI STEMME

Som kjent fins den eldste kyrkjeklokka i landet her i Granvin. Den er ikkje lenger i bruk, men er ein del av inventaret i kyrkja. Det er ei klokke støypt i bronse ei gong på 1100-talet eller kanskje før. Eg fortalde og viste Erik Hillestad denne klokka. Det syns både han og perkusjonisten var svært interessant så dei ville ha den med i opptaka som ei eige stemme.

Så eine opptaksdagen vart det altså den gamle kyrkjeklokka sin tur til å gjera opptak innimellom artistar som Nils Petter Molvær og Anne Grete Preus. Erik Hillestad og lydteknikar Martin Abrahamson stod klar med opptaksstyr. Dette var nederst i skippet i kyrkja som igjen er nærare riksvegen så utanforlydar kunne lettare trenge inn og forstyrre opptaket. Så me stod heilt stille og venta på at trafikkestøy skulle stilna av. Det gjorde det til slutt. Me holdt pusten og perkusjonist Anders Engen slo eit slag med kolven og vekka til liv den 900 år gamle klangen i klokka.



Me holdt pusten og perkusjonist Anders Engen slo eit slag med kolven og vekka til liv den 900 år gamle klangen i klokka. - Det var som om ei urgammel røyst tok til ordet.  
Foto: Anne Maria Hoil, 2006. NRK.

Og klangen varte og rakk, men utruleg nok var riksvegen like utanfor tom for trafikk heile klangen ut og klokka si stemme vart festa til digital fil for evig og alltid. Det var som om ei urgammel røyst tok til ordet og minna oss på ansvaret me har for å ta vare på og bera vidare til nye generasjonar denne uvurderlege rikdomen me omgjev oss med i Granvin og Hardanger; naturen og landskapet.

Akkurat dette klokkeslaget er då også den fyrste tonen som strøymar ut frå denne plata.

116 | Granvin kyrkje 300 år



Lars Osa har måla figurmåleri på lerret av Paulus. Det er plassert på fondveggen i koret. Foto: Hans Tonckens

I jubileumsboka kan ein lesa meir om den gamle kyrkjeklokka.



## Yrkesgrupper i kyrkja: Kva gjer me og kven er me?

Tekst og foto: Jorunn Våle Tonckens

*I dette nummeret held me fram serien om dei tilsette i kyrkja. Denne gongen har me snakka med diakonane og kyrkjegardsarbeidarane som er tilsett i Voss kyrkjelege fellestråd.*

## DIAKON

Ein diakon arbeidar med å støtta og ta vare på menneske som treng ekstra hjelp i ulike livsfasar. Diakonen leier omsorgsarbeidet i kyrkjelyden og arbeider for at folk skal bli sett og inkludert.

Vanlege arbeidsoppgåver for ein diakon kan vera:

- Rekruttera og følgja opp frivillige.
- Leia sorggrupper og støtta menneske i krise
- Ha samtalar med menneske i alle aldrar
- Arrangera seniortreff, treff for flyktingar, ekteskapskurs, leksehjelp
- Arbeida med konfirmantar og ungdom
- Arrangera møter som handlar om klima og miljø
- Delta i gudstenester eller andre kyrkjelege handlingar



Vossadiakonane Anja Kristin Slåtten og Sigrid Djukastein Mala.

Som diakon må ein vera god til å møta menneske i ulike situasjonar, kunna arbeida godt åleine og saman med andre. Ein diakon står midt i oppdraget med å arbeida for ei meir rettferdig verd.

Lokale behov endrar seg, og då kan diakonen vera med på å utvikla nye

tilbod, til dømes når flyktingar flyttar til bygda. Dette gjer ein gjerne i samarbeid med frivillige organisasjonar og kommunale instansar. På den måten fungerer diakonen som brubyggar mellom lokalkyrkja og lokalsamfunnet.

Diakonar har vanlegvis mastergrad i diakoni. Før det har ein som regel ei

bachelorgrad i helse, sosialfag eller pedagogikk. For å verta tilsett som dakonimedarbeidar krev ein normalt minst treårig høgskuleutdanning, gjerne innanfor fagfelt som helse, oppvekst, sosialfag eller kyrkjefag.

*Kjelder: utdanning.no og kirken.no*

## Kan de fortelja litt om dei ulike arbeidsoppgåvene dykkar?

### Samtalar

Samtalar er ein stor og viktig del av arbeidet vårt. Det er eit privilegium å få møta og koma nær menneske i ulike livsfasar. Å få bruka tid på samtalar og gå eit stykke saman med ein person er fint. Samtalane kan handla om sorg, sjukdom, relasjonar, tru og tvil og andre tema dei som kjem til samtale vil ta opp. Det kan vera fint å møtast der ein er tryggast, og det kan vera i heimen. Det er meiningsfullt å få vera med å gje

menneske håp og mot til å stå i utfordrande situasjonar - og til å gå vidare.

### Frivillige

Mykje av arbeidet i kyrkjelyden hadde stoppa opp om det ikkje var for alle dei frivillige. Me arbeider kontinuerleg med rekruttering av frivillige, fylgja opp og ta vare på dei me har. Det er mange ulike oppgåver, og det er spanande å prøva å finna ut kvar dei ulike frivillige har sin styrke. Me treng alle slags hender og

føter i kyrkja! Og så er det kjekt å gjera ting saman.

### Samarbeid

Som diakonar arbeider me både svært sjølvstendig og mykje i samarbeid med andre – alt etter kva oppgåva er. Det er naturleg å samarbeida med heradet på ulike omsorgsfelt, og me har samarbeid med rus/psykiatri-tenesta og heime-sjukepleia.

## Seniortreff

Seniortreffa i Vonheim har ei lang historie. Sigrid tok over hovudansvaret etter førre diakon for 16 år sidan. Føremålet er å skapa ein sosial og god møteplass for alle eldre i bygda. Her er det tilrettelagt for tilkomst og høyrsel og eit rimeleg måltid saman med andre, og me tilbyr skyss til og frå treffet. Kvart gong plar me ha eit tema, allsong, utlodding, andakt og god tid til fellesskap rundt matbordet. Treffa er ein gong i månaden, og det plar vera godt oppmøte (rundt 80 - 100 personar). Ei stor takk til den faste frivillige nemnda med 12 pensjonistar pluss skysskarane som trufast stiller opp!

## Sorggruppe

Dette er eit ope tilbod for alle som er i sorg - uavhengig av tru og livssyn. Det skal vera ein trygg stad der ein kan dela tankar og følelsar. Gjennom å dela med kvarandre, kan ein vera til hjelp for kvarandre. Me tek opp ulike tema knytt til sorg og sakn. Dersom det er nokon som ynskjer enkeltoppfølging, tilbyd me det. Ingen skal trenga å gå åleine med sorg og sakn. Kor lenge ein ynskjer å vera med i ei slik gruppe vil vera individuelt. Gruppa vert leia av diakonane, og det er teieplikt innan gruppa.

## Bibelgrupper

Kyrkje har tilbod om bibelgrupper for både yngre og godt vaksne. Bibelgruppa skal vera til gjensidig oppbygging, og kjærleik og tolmog skal prega fellesskapet. Me deler liv og det skal vera trygt og godt.

## Fredagsklubben

Anja er med og driv fredagsklubb for born og unge på Vossestrand. Dei fekk støtte frå næringslivet til å starta opp att. På programmet står ulike aktivitetar, mat og andakt. Mellom 30 og 50 born og unge plar delta.

## Helgemessesundag

Alle som har mist nokon av sine vert inviterte til minnegudsteneste denne dagen, og me som kyrkje får vera med og leggja til rette for at alle skal få ei verdig oppleving. Sorg og sakn er tungt å bera. Då er det fint om me kan vera saman med andre og minnast våre. På minnegudstenestene i dei ulike kyrkjene våre vert det tent lys for og lese opp namn på dei som har gått bort det siste året.

## Jolefeiring

Kyrkje inviterer til jolefeiring saman med Frelsesarmeen, Røde Kors, Kirkens Bymisjon og Voss Frivilligsentral. Det er fint å kunna stå saman for å få dette til, og det er ei takknemleg oppgåve å få vera med.

## 1. Kvifor valde du å bli diakon?

## 2. Kva likar du best med å vera diakon?

## 3. Kva likar du minst med å vera diakon?

## 4. Kva tenkjer du er di viktigaste oppgåva som diakon?



**Sigrid Djukastein Mala**  
Diakon

Tilsett sidan: 2008

**1.** Prost Knudsen oppfordra meg til å søkja stillinga som ungdomsdiakon då eg var med som frivillig ungdomsarbeidar i Vonheim. Eg var usikker, men mannen min sa: Dette er ei moglegheit du får, den må du ta! Så søkte eg og fekk stillinga - med vilkår om at eg måtte ta diakonutdanning innan 2 år. Det var utfordrande for ein praktiskar som berre hadde hjelpepleiar/omsorgsarbeidar på papiret. Med velvilje og hjelp frå familie og kollegaer gjekk det bra. Dei første åra arbeidde eg mest med ungdommar, men etter kvart vart stillinga gjort om til diakon med fokus på eldre og sjuke.

**2.** Møte med alle dei fine menneska eg får treffa gjennom jobben og samarbeid med dei frivillige. Eg set også pris på at arbeidet er variert og at eg får arbeida sjølvstendig.

**3.** Eg ser mange oppgåver og utfordringar det ikkje er mogleg å gå inn i og gjera noko med. Eg prøver å prioritera det viktigaste, men behova er større enn kapasiteten.

**4.** Å vera eit medmenneske og leia det diakonale arbeidet i kyrkjelyden til det beste for dei som treng det.



**Anja Kristin Slåtten**  
Diakonimedarbeidar

Tilsett sidan: 2021

**1.** Eg arbeidde som psykiatrisk sjukepleiar i kommunen då eg var på eit møte med Sigrid. Ho nemnde at kyrkje hadde ledig ei 50 % diakonstilling. Som sjukepleiar er ein tett på menneske i sårbare livssituasjonar, men eg hadde i lengre tid sakna å få bruke heile meg, samt trua mi, i ei teneste. Difor søkte eg, og var heldig som fekk jobben.

**2.** Møte mellom menneske, samarbeid med dei frivillige medarbeidarar i kyrkje og fellesskapet med kollegaer. Det er inspirerende å sjå kor mykje engasjement og omsorg som finst mellom dei frivillige, og korleis det er med og ber dei ulike arrangementa i kyrkje. Det gjev meg ei sterk oppleving av fellesskap og meining.

**3.** Å kunna disponera arbeidstida sjølv er positivt, men det gjev også utfordringar med å prioritera tida.

**4.** Å ta imot alle dei me møter på vår veg med omsorg, respekt og verdigheit. Og prøva å nytte tida til det som er til det beste for arbeidet, kollegaer og alle dei flotte frivillige medarbeidarane våre.



# KYRKJEGARDSARBEIDAR

Kyrkjegardsarbeidaren arbeider med oppgåver knytte til gravplassane i kommunen dei er tilsette i.

Arbeidsoppgåver for ein kyrkjegardsarbeidar kan vera:

- Sørge for at alt fungerer som det skal på gravplassen.
- Leggja til rette for og medverka ved gravferder og urnenedsetjingar.
- Utføra praktisk gravplassarbeid, slått og anna vedlikehald av gravplassanlegget.
- Svare på spørsmål og koma med informasjon til dei som besøker gravplassen.

I dag er det flest menn som er kyrkjegardsarbeidarar, men dette er ein jobb for både kvinner og menn. Kyrkjegardsarbeidaren må både kunna arbeida i team og ha evne til å arbeida sjølvstendig. Ein må også vera budd på å møte menneske i ulike situasjonar, i både sorg og glede.

For å verta kyrkjegardsarbeidar er det ynskjeleg at ein anten har eit fagbrev innan anleggsgartner, maskinkøyrar eller kompetansebevis for gravemaskin.

## Organisering på Voss

Kyrkjegardsarbeidrane i Voss kyrkjelege fellesråd går inn i eit team saman med dei kommunalt tilsette i avdelinga for park, idrett og gravplassdrift.

På den måten kan begge partar dra nytte av både maskiner og utstyr, og at dei tilsette har ulik fagbakgrunn og kompetanse. Det er også ein fordel under ferieavvikling og sjukdom at ein har fleire å spela på. I avdelinga er det 8 tilsette, og i Voss herad er det 10 gravplassar i bruk per i dag.

## Arbeidsoppgåver på gravplassane i Voss herad

- Graving av grav, tining og snøsmoking
- Slå graset på gravplassane
- Stella gravene til dei som har bestilt gravstell (klargjering, planting og vatning)
- Fjerna gravminne når ein festeavtale vert sagt opp og grava skal slettast
- Oppretting av gravminne
- Avfallshandtering
- Vedlikehald av benkar og andre gjenstandar på gravplassane
- Andre oppgåver som brøyting, strøing, rydding av kvist og lauv og vedlikehald av maskiner og utstyr.



Avdeling for park, idrett og gravplassdrift. Bak frå venstre: Amund Egdetveit, Dan Berge, Arne Magnus Tesdal og Ingmar Slettemark. Framme frå venstre: Jan Are Kvammen, Gro Tyssebotn Gjerstad og Hege Ukvitne. Ikkje til stades: Øystein Nygård.

Kyrkjennytt har stilt fylgjande spørsmål til dei tre kyrkjegardsarbeidarane som er tilsett i fellesrådet:

1. **Kvifor valde du å bli kyrkjegardsarbeidar?**
2. **Kva likar du best med å vera kyrkjegardsarbeidar?**
3. **Kva likar du minst med å vera kyrkjegardsarbeidar?**
4. **Kva tenkjer du er di viktigaste oppgåva som kyrkjegardsarbeidar?**

>>



### Hege Ukvitne

Oppsynsmann for kyrkjegardane  
Tilsett sidan: 2017

1. Eg hadde vore tilsett i Voss herad som anleggsgartnar då stillinga som oppsynsmann/leiar for Park, idrett og gravplassdrift vart ledig, så eg var godt kjend med kvastillinga innebar. Eg søkte på den og vart tilsett. Stillinga er 50% i Voss herad og 50% i Voss kyrkjelege fellesråd.
2. Eg likar å arbeida både med det administrative og praktisk arbeid ute. Det at det er ein variert arbeidsdag i variert vêr med gode kollegaer gjer at eg trivs godt.
3. Eg tenkjer at alt me gjer er like viktig, så eg har ikkje noko spesielt eg likar minst ved jobben.
4. At alle på avdelinga har ein god og trygg arbeidskvadag. Eg må ha oversikt over alle dei ulike arbeidsoppgåvene me utfører både for kyrkja og heradet til ei kvar tid, og at det vert gjort på ein god og verdig måte.



### Dan Berge

Kyrkjegardsarbeidar  
Tilsett sidan: 2023

1. Det var ganske tilfeldig. Eg arbeidde som tømrrar i eit firma som gjekk konkurs då eg såg stillingsannonsen. Tenkte det kunne vera greitt å prøva noko nytt, så eg søkte og vart tilsett. Det viste seg etter kvart at jobben som kyrkjegardsarbeidar var litt annleis enn eg hadde sett for meg.
2. At arbeidet er så variert – ikkje ein dag er lik. Av og til er det veldig travelt og andre dagar kan det vera litt rolegare. Det er kjekt å få arbeida ute, særleg når vêret er fint. Eg set også pris på å kunna hjelpa og vegleia besøkjande som kjem til gravplassane. Og så er eg glad for det gode og inkluderande arbeidsmiljøet i avdelinga.
3. Dei dagane det er mange minusgrader, kan det vera ei kald oppleving å stå på gravbakken og venta på eit gravfylgje.
4. Eg var heldig og fekk delta på eit kurs i gravplassarbeid på Lillehammer rett etter at eg starta i stillinga. Det er særleg to omgrep som sit att etter det kurset: orden og verdigheit. Me skal syta for at det ser fint ut på gravplassane og møta pårørande med verdigheit.



### Jan Are Kvammen

Kyrkjegardsarbeidar  
Tilsett sidan: 2024

1. Eg hadde drive gardsbruk med sauer i ein ti års tid, og avvikla dyreholdet. Ønskte meg ein jobb der eg kunne vera mykje ute i frisk luft på dagtid. Første gongen eg såg ei ledig stilling som kyrkjegardsarbeidar hadde eg framleis dyr. Då det kom ei ny stillingsannonse etter at eg hadde avvikla dyreholdet, søkte eg og fekk stillinga.
2. Det å få vera mykje ute - særleg når det er opphaldsvêr og sola skin. Eg set pris på at arbeidet er så variert, og så er det kjekt å kunna sjå resultatet av arbeidet ein gjer. Det er også kjekt å få positive tilbakemeldingar på utført arbeid.
3. Det er ikkje så lett å førebu gravferder i pøsregn. Då får ein ikkje alltid gjort arbeidet slik ein ynskjer.
4. Å leggja til rette for at gravferder og urnenedsetjingar vert gjennomført på ein verdig og fin måte.

## Open kyrkje sommaren 2026

Tekst: Hans-Christian Küspert  
Foto: Nora S. Baartvedt

Dei seinare åra har fellesrådet tilsett folk til å ta imot og visa rundt besøkjande til Vangskyrkja i fellesferien. Grunna den økonomiske situasjonen til fellesrådet vil det ikkje verte tilsett nokon i år. Soknerådet ynskjer difor å sjå om det er råd å få til ei ordning der kyrkja er open nokre dagar i veka med frivillige vertar. Desse frivillige skal ikkje visa folk rundt, og treng ikkje å kunne mykje

om kyrkja, eller snakka engelsk. Vi treng berre nokon som kan sitte i kyrkja og sjå til at alt går greitt føre seg.

Viss du kunne tenkje deg å sitte i kyrkja nokre timar nokre dagar i sommar, så ta kontakt med enten Hans-Christian Küspert (hk782@kyrkja.no) eller Inger Sigh Petersen (in-peter@online.no). Du kan gjerne alliere deg med nokon du likar, og så kan de sitta saman.





Mange familjar deltek på Supertysdag i Vonheim.

# Givarkampanje!

## Bli fastgivar til arbeid blant barn og unge i Voss sokn!

Voss sokn ynskjer å satse på barn og unge. Kunnskapen om, og kjennskapen til, kristen tru har gått ned blant unge i seinare tid.

Tekst: Vetle Leksbø  
Foto: Turid Skjerve Leksbø

Løyvingar frå heradet til fellesrådet går ned grunna heradet sin økonomi, som igjen påverkar Voss sokn. Samstundes ser me no fleire barn og unge på både gudstenester og Supertysdag enn tidlegare i soknet vårt, og det er svært gledeleg! Då treng me eit apparat som tek imot både barna og foreldra på ein god måte, og det har òg ei økonomisk side.

Me er eit stort sokn med rundt 10 000 medlemmer, og treng meir mannskap for å undervise barn og unge, legge til rette for meir involvering av barn og unge og koordinere frivillige. Me ynskjer å satse på ein barne- og familiearbeidar i 20-30 % stilling som kan arbeide med dette inn mot gudstenester, søndagsskule og Supertysdag.

Mål for givarkampanjen: 150 000 kr i året. I første omgang til ei prosjektstilling for eitt år, men mål om forlenging. Beløpet kan høyrast mykje ut, men om 25 personar gir 500 kr i månaden så kjem me faktisk i mål.

Me oppmodar om å bli fastgivar til dette prosjektet. Det vil hjelpe soknerådet i det strategiske arbeidet og gi

føreseielegheit både for soknerådet og den tilsette. På nettsida voss.kyrkja.no står det meir om korleis ein kan teikne avtalegiro eller gi fast via Vipps. Du kan òg kontakte kyrkjekontoret. Det vert gjeve skattefrådrag for gåver inntil 25 000 kr årleg.

*Vil du bli med på dette løftet for kyrkja vår?*

### GJEVARTENESTE FOR BORN OG UNGE, VOSS SOKN:

Kontonr. 3480 30 84647 (merk innbetalinga med «Givarkampanje»)

Vippsnr. 695862

(Gjevar born og unge, Voss sokn)

## Vossakyrkjemesse 2026

**31. mai** feirar vi Vossakyrkjemesse i Vangskyrkja. Vossakyrkjemesse er ei årleg feiring av den vakre kyrkja vår, som vart innvigd den 25. mai i 1277. Til neste år er det 750-års jubileum, som skal markerast stort. I år blir det ei vanleg markering, der vi startar med ei festgudsteneste kl. 11.00. Etter gudstenesta blir det kyrkjekaffi i Prestegarden eller utanfor kyrkja dersom vêret er bra. Så blir det eit foredrag i kyrkja ca. kl. 13.00.

I år er det 800 år sidan Frans av Assisi døydde, og vi tenkjer at det er eit godt høve for oss å lære litt meir om han.

Frans er ein av dei viktigaste enkeltpersonane i kyrkjas historie, og professor Alf Tore Hommedal, vil gi oss meir innsikt i korleis det vart slik, og kvifor Frans framleis er relevant i vår tid. Han har gitt foredraget sitt denne tittelen: «Herren gav meg brødre.» Om italienaren Frans av Assisi (1182-1226), om fransiskanarordenen og om trongen for fransiskanske haldningar både i mellomalderen og i vår samtid.

Velkommen!



Under Vossakyrkjemesse i 2023 førebudde Norunn Rong og Bjørg-Kari Afdal kyrkjekaffi ute i det fine vêret.

# Konsert i Raundalskyrkja

Det var konsert i Raundalskyrkja 22. mars kl. 18.00 med folke-musikkgruppa «TØYR».

Tekst og foto: Knut Skiple

Dette er ei gruppe med utspring frå Ole Bull Akademiet og den består av: Semon Harerusten - gitar, Ivar Blekastad Haugen - trekkspel, Solveig Eide Grønningsæter - fele, Iselin Anna Aukrust - fele og song.

Me fekk høyra ei blanding av eigenkomponert musikk og tradisjonelle låtar frå melankolske valsar til svingande hallingar og reinlendarar.

Frammøte var bra av både folk frå dalen og andre.



Gruppa «TØYR» gledde dei frammøtte med sin varierte musikk.



Påskestemning på Brekkestølen langfredag.

## Påskeandakt på Brekkestølen

Som vanleg vart det halde friluftsandakt på Brekkestølen langfredag.

Tekst: Nanna Nordahl | Foto: Morten Vangen

Som vanleg vart det halde friluftsandakt på Brekkestølen langfredag. John Ove Thaulle kom frå Vossestrand og heldt andakten. Han hadde gjort i stand til å spela av musikk til salmane, men på Brekkestølen er det ikkje dekning. Songen gjekk fint likevel. I staden

for kyrkjeklokker hadde Thaulle med to hestesko som han slo saman. Det vart fin lyd.

Etter andakten vart det servert kringle, kaffi og saft, sponsa av Reimegrend vel. Kaffien var kokt på bål. Dei 40 som var til stades, kosa seg i sola. Me var

heldige med vêret. Medan me gjorde i stand, bles det kraftig. Under andakten var det stille og sol. Medan me rydda saman, bles det opp att og sola gøymde seg bak skyer. Desse gav meir snø om kvelden.

### Svar på Pinse-quizen på side 4:

1. c) Pinsa kjem alltid på den sjuande søndagen etter påske, 2. b) Fordi då Den heilage ande kom over apostlane og mange tok imot bodskapen, la det grunnlaget for dei første kristne kyrkjelydane, 3. b) Det vart samla inn ein kollekt som var så stor at han ikkje kunne teljast av apostlane, 4. a) Femtiande, 5. d) Første juledag.



# T-dagar i kyrkjene våre

## T-DAG

Desse sidene er avsett til T-dagane i Voss. T-dagane er ein del av kyrkjeleg undervising og læring. Målet er at alle døypte i Den norske kyrkja skal bli inviterte til ein T-dag i kyrkja sin regi minst ein gong i året fram til dei fyller 18 år. På desse sidene vil de finna reportasjer frå det som har skjedd på T-dagane i det siste.

T<sub>8</sub>

### Tårnagentar Voss og Raundalen sokn

26 åtteåringar utforska Vangskyrkja då dei var tårnagentar i mars. Kyrkjeskattane var forsvunne og agentane måtte trå til. Dei fekk agentbevis og agentnummer slik at dei skulle vera godt rusta for oppdraga. Dei måtte gjennom labyrint, dei lærte tårnagentsangen og agenttips. Dei måtte løyse mange oppdrag og dei leika agentleikar der dei laga tårn av koppar. Dei fekk høyre om forteljinga frå Bibelen om skatten og perla, og dei fekk sjå Gud sin største skatt, nemleg dei sjølve. Heldigvis kom kyrkjeskattane til rettes, og kyrkja vart igjen pynta med lysestakar og blomevasar.



T<sub>7</sub>

### Påskevandring Voss og Raundalen sokn

Søndagen før palmehelga var sjuåringane samla for å oppleva og lære om dei ulike påskedagane, og kva det som skjedde i påska tyder for oss i dag. Me vifta med palmegreiner, "vaska" føter, fekk lære om nattverden og fekk høyre om kva som skjedde langfredag. Vangskyrkja er ei påskekyrkje med masse kunst som handlar om påska. Det er fint å bruke på ein slik T-dag. Det heile vart avslutta med å feire påsegudsteneste i lag og feire oppstoda.

T<sub>7</sub>

### Påskevandring Evanger og Bolstad sokn



Palmesøndag var det påskevandring i og utanfor Evanger kyrkje. Det starta med at kyrkjelyden fekk hovudplagg og palmegreiner, og samla seg utanfor kyrkja. Der vifta dei med palmegreiner og ropa halleluja då ein gut utkledd som Jesus kom ridande på eit leike-esel. På galleriet vart skjærtorsdag markert med fotvask for dei som ville - utan vatn og med skoa på - og med nattverdsmåltid med salte kjeks og druejuice. Bakarst i kyrkja var det eit forheng som markerte Jesus si grav på langfredag og ein ball som vart rulla vekk for å markere ei tom grav på påskedagen. Innimellom vart det sunge salmar knytt til påska. Og som om ikkje dette var nok vart ein liten gut døypt i gudstenesta, før kyrkjelyden samla seg til kyrkjekaffi inne i kyrkjerommet.

## MISJON



Frå ynskje til verkelegheit:

# Kvinnelege teologar vert uteksaminert

Eit prosjekt for kvinnelege teologar frå Mekane Yesus-kyrkja i Addis Abeba gjev stipend til høgare utdanning i teologi. Prosjektet vert støtta av NMS og Norsk kvinnelig teologforening. To kvinner, Hirut Tamene og Asebech Haile, vart begge master i praktisk teologi.



Hirut viser stolt fram bøkene ho har skrive.



Asebech er glad for støtta ho fekk for å kunna ta studia sine.



Bilete frå eksamensfesten.

Tekst: Britt Hernes

Foto: NMS / Worknesh Genno og Elias Chemada

Hirut Tamene er 47 år og har fem born med alder 6 til 18 år, og ho var mor for dei medan ho studerte. Ho var også borte frå mannen sin i lange periodar. Prosjektet støtta berre skulepengar og mat til ho sjølv. Synoden som sendte henne gav ikkje noko ekstra til familien medan dei var i Addis Abeba.

På same tid som ho fullførde masteravhandlinga, skreiv ho ei barnebok basert på Den vesle katekisma. Boka, «Eit skip med ein kaptein», vert sett over til amharisk og oromo. Hirut er byrja på det andre bindet av boka. Ho meiner at det vert lettare å forstå kva Guds rike er ved å skriva og fortelja på ein pedagogisk måte.

Asebech Haile er ei 39 år gamla kvinne frå Amaro-synoden. For henne var det ei utfordring å reisa frå heimbyen og til eit heilt anna miljø. Det å møte ulike kulturar, språk og tradisjonar var utfordrande, også det å dela sovesal med studentar med ulik bakgrunn. Det første året hadde ho berre ein gamal mobil og ingen datamaskin. I tillegg var undervisinga på engelsk.

I sommarferien reiste ho ikkje heim. Vegen var lang og ofte usikker grunna uro i regionen. Då kunne det bli lange omvegar, ofte på dårlege vegar.

Kulturen i Etiopia er framleis slik at kvinner i leiartillingar opplever avgrensingar. Det Hirut fekk til er difor eit

gjennombrøt også for andre kvinner.

At desse to kvinnene har lukkast, viser at det er mogeleg også for kvinner å verta leiurar i teologi og administrasjon i kyrkja. Dei er takksame for mogelegheita dei fekk og voner at det dei har klart vil inspirera andre kvinner til å følge draumane sine.

Som Hirut og Asebech seier: «Saman bryt me barrierar og skaper ein ny generasjon kvinnelege leiurar». Dei er djupt takksame til NMS og Norsk kvinnelig teologforening for støtta.

Våre tankar går til Hirut, Asebech og alle kvinner i Etiopia med ynskje om likeverd mellom kvinner og menn.

Voss sokn sitt misjonsprosjekt støttar Det Norske Misjonsselskap sitt arbeid i Etiopia.  
Misjonsprosjektet har sitt eige vippsnummer: 505877.

# Blomar på grava

Blomar på gravplassen er eit viktig uttrykk for omsorg, minne og respekt.



Tekst: Jan-Ove Nordvik, Voss Hagelag

Samstundes ønskjer mange pårørende planter som er enkle å stella, held seg fine over tid og toler både vår og varierende oppfølging.

No går me lysare kveldar i møte og mange av oss vil planta på grava til ein me hadde kjær.

Nokon går ofte på gravbakken medan andre bur slik til eller har ein så aktiv og stressande kvardag at ein vil gjera det enkelt, vakkert og ikkje minst lettstelt.

## Lettstelte blomar som passar godt

Når ein vel blomar til gravstaden, er det lurt å prioritera plantar som er robuste, nøysame og lite kravstore. Gode eksempel er:

**Begonia** – blomstrar lenge, toler både sol og halvskugge

**Pelargonia** – hardfør og turketolerant

**Isbegonia** – låg, ryddig og enkel å vedlikehalda

**Lavendel** – fleirårig, luktar godt og krev lite vatn

**Stemor og hornfiol** – tidleg blomstring og god haldbarheit

Desse plantane krev som regel berre jamn vatning og litt tilsyn, og passar godt for dei som ikkje har anledning til hyppige besøk.

## Fleirårige plantar

For dei som ønskjer endå mindre vedlikehald, kan fleirårige plantar vera eit godt val. Staudar som bergknapp (Sedum), alunrot og vintergrøn gjev eit roleg og verdig uttrykk, og kjem igjen år etter år. Dei bidreg også til eit ryddig preg utan behov for nyplanting kvar sesong.

## Men så har me den forhatte brunsnigelen!

Mange stader i heradet er no brunsnigelen komen og dei kan vera ei stor utfordring, særleg i fuktige somrar. Dei trivs godt i enkelte blomar og kan gjera skade på kort tid. For å redusera problemet kan det vera lurt å velja plantar som brunsniglar vanlegvis

unngår, som lavendel, pelargonia og begonia.

Små førebyggjande tiltak kan gjera ein stor forskjell og bidra til at blomane held seg fine gjennom sesongen. Hald det ryddig, fjern visne og døde plantar og blomar. Mange av oss plantar tett når me plantar. Plassen framfor gravsteinen er avgrensa og ein vil ha ein fargerik plass. Men sanninga er at plantar ein litt mindre planter enn ein «plar» og gjev plantane litt gjødsel, så får ein større og sterkare plantar og ikkje minst ein legg ikkje så til rette for brunsnigelen.

Har ein ei grav som er nokon år gamal så kan ein sekk med ny jord

vera smart. Me plar anbefala å skifta ut jorda kvart femte til sjuande år. Åra imellom gjødselar me litt men ikkje for mykje og aldri den dagen me plantar på grava. Den dagen grev me eit hol til planten, fyller godt med vatn i holet og passar på at jorda er i god kontakt med planterota.

## Ein stad for ro og minne

Med gjennomtenkt planteval kan gravstaden bli ein vakker og fredfull stad som krev lite stell, men gjev mykje tilbake. Lettstelte blomar gjev rom for det viktigaste: å minnast, heidra og finna ro.




Foto: Den norske kirke / Helene Moe Slinning

<p>Din røyrliggjar i sentrum</p>  <p>Helge Nikolaisen A/S</p> <p>Installasjon - Service - Vedlikehald</p> <p>Velkomen i butikken!</p> <p>Tlf. 56 51 26 28</p> <p>Vangsgt. 4, 5700 Voss</p>	 <p>Padlekurs på Elv og Hav - Teambuilding</p> <p>www.vaattogvilt.no - Tlf 91374995</p>	 <p><b>Voss Møbel &amp; Trevareverkstad AS</b></p> <p>Skyvedørskarmar Loftstrapper Inspeksjonsluker</p> <p>Tlf. 56 52 10 10    www.vmt.no</p>
 <p>Melsvegen 7, 5710 Skulestadmo</p> <p>Tlf. 56 52 38 60</p>	 <p><b>Norli Vossevangen</b></p> <p>Vangsgata 27, 2700 Voss</p> <p>Tlf. 56 51 11 16</p>	<p><b>Pianostemmer Voss</b></p> <p>På tide å stemme pianoet?</p>  <p>pianostemmervoss.no    Tlf. 99 43 53 36</p>
<p><b>GRAVSTEIN</b></p> <p>Nye gravmonument, tilføyingar og oppussing – ta kontakt med:</p>  <p>Per Vinje – Tlf. 56 51 69 88 – 908 52 099</p>	 <p><b>Vekselbanken</b></p> <p>Ein god medspelar</p> <p>Telefon 56 52 35 00</p> <p>– med tilbod til liten og stor</p>	 <p><b>UINJO</b></p>
 <p><b>Voss Energi</b></p> <p>-rein vosskraft!</p>	<p><b>Me ordnar alt vedrørende dødsfall</b></p> <p>Sal og service av gravmonument - Formidling av blomar</p> <p>VIRKE GRAVFERD <b>Vinsands</b> GRAVFERDSBYRÅ</p> <p>Telefon 56 51 11 94    www.vinsand.no</p>	 <p><b>VOSS SPAREBANK</b></p> <p>BYGDA SIN BANK</p> <p>post@vossabanken.no    56520300</p>
<p><b>VOSS KOMMUNIKASJON</b></p> <p>Me leverer trygg IT og kommunikasjon med kunden i fokus.</p> <p>post@vossk.no    Tlf. 56 52 30 30</p> <p><b>Di annonse her?</b></p> <p>Kontakt oss på <b>telefon 56 52 38 80</b> eller <b>e-post: kyrkjeytt.voss@kyrkja.no</b></p> 		



Reidar Reime:  
**Raundalskyrkja - 100 år**  
Utgjeven 2021. Kr 275,-




Per Jon Odéen:  
**Mjølffjell kapell 50 år**  
Utgjeven 2017. Kr 150,-



Vossestrand i helg og kvardag:  
**Oppheim og Vinje kyrkjer 150 år**  
Utgjeven 2017. Kr 150,-

# «Mi side» er oppgradert!

Den norske kyrkja si «Mi side»-løysing er lansert med oppdatert design, fleire funksjonar og trygg innlogging. Sida har vorte enklare, meir tilgjengeleg og betre tilpassa mobilsjerm.



## Kva kan du gjera på «Mi side» i dag?

- **Administrera medlemskap:** Få oversikt over medlemskap og melde inn/ut av kyrkja. (Inn- og utmelding av barn under 15 år må framleis skje på papirskjema tilgjengeleg på kirken.no.)
- **Sjå arrangement:** Få oversikt over arrangement i nærleiken av deg.

- **Sjå gåver innrapportert til Skatteetaten:** Få oversikt over gåver til kyrkja.
- **Abonnera på informasjon til barn som ikkje er døypte:** Abonnera på alderstilpassa informasjon frå lokalkyrkjelyden om aktivitetar for barn og unge.
- **Sjå historikk på dåp:** Opplysningar om din eigen dåp, og dåp

av barn der du var registrert som forelder (gjeld dåp etter år 2000 – data om dåp før 2001 er diverre ikkje tilgjengeleg digitalt).

- **Skriva ut stadfesting** på dåp og medlemskap i kyrkje.

Alle kan logga inn på [kirken.no/minside](http://kirken.no/minside) med BankID – uavhengig av medlemskap.

## Gåve til Kyrkjenytt?

Hjarteleg takk til dykk som har betalte bladpengar for 2026 så langt i år! Det er framleis mogleg å betala bladpengar på kr. 350 (eller valfritt beløp) om du ikkje har fått gjort dette enno.

Kyrkjenytt går med underskot, og økonomien til Voss kyrkjelege fellesråd er utfordrande. Ynskjer du å støtta kyrkjebladet vårt med ei gåve, er me svært takksame for det. Alle gåver, uansett storleik, kjem godt med. På førehand takk for støtta!

**Bladpengar og gåver kan også sendast til Kyrkjenytt sitt Vippsnummer 568391**

### Kvittering

Innbetalt til konto

3480 16 45293

Beløp

Betalersens kontonummer

Blankettnummer

6061156877

Betalingsinformasjon

Faktura 9846  
Gåve til Kyrkjenytt

GIRO

Betalingsfrist

Underskrift ved girering

Betalt av

Mottakarar av Kyrkjenytt

Betalt til

Voss kyrkjelege fellesråd  
Postboks 49  
5701 Voss

Belast  
konto

Kvittering  
tilbake

Kundeidentifikasjon (KID)

20039098460

Kroner

Ore

Til konto

Blankettnummer

< > 3480 16 45293

<6061156877>



# OPPSLAGS-

## Bedehusbasar på Bolstadøyri

søndag 14. juni kl. 15.00.

Gudsteneste v/Kvamsøe.

Basar i kyrkjekjellaren etterpå.

Bolstadøyri kvinneforeining arrangerer basaren.  
Midlane går til drift og vedlikehald av bedehuset.

## Seniortreff

i Vonheim tysdagar kl. 12.00-14.30

**16.06.** Gohar Marandyan og Vahan Matinyan fortel om Armenia.

Datoar hausten 2026 (program ikkje fastsett enno):

**08.09. | 13.10. | 10.11. | 08.12.**

Pris kr. 150. Skyss? Ring 478 49 134.

Kontaktperson: Sigrid D. Mala. Tlf. 478 49 134.



## KYRKJELYDSTUR TIL RASDALEN

for Evanger og Bolstad sokn

søndag 23. august

Kjentmann Terje Rasdal

Andakt v/Frode Kvamsøe

Set av datoen og bli med!

Det kjem plakater og meir info når det nærmar seg.



## Bibel & Misjon

i Prestegarden onsdagar kl. 19.00-21.00

**20.05.** Genesis/1. Mosebok (del 7)

**10.06.** Genesis/1. Mosebok (del 8)

**26.08.** Tur til Granvin kl. 16.00.

Kontaktperson: Inger Sigh Petersen. Tlf. 906 18 125.

## Evanger kyrkje - dugnad

175-årsjubileet for Evanger kyrkje skal feirast 08.11.2026.

Fram til dess er det ein god del å gjera med kyrkja for at den skal presenterast i best mogleg stand.

Soknerådet vil oppmoda folket om å vera med på dugnad, då det ikkje er økonomi til å setja arbeidet ut på anbud.



Anny Karin Forthun  
soknerådsleiar

## Sorggruppe

i Prestegarden  
måndagar kl. 18-20.

• 8. juni

Datoar til hausten kjem seinare.

Kontaktpersonar: Anja Kristin Slåtten. Tlf. 417 04 958.  
Sigrid Djukastein Mala. Tlf. 478 49 134.



## Heimebesøk

Er det vanskeleg for deg å koma til oss, kjem me til deg.



Kontakt: Diakonimedarb. Anja K. Slåtten, tlf. 417 04 958.  
Diakon Sigrid D. Mala, tlf. 478 49 134,  
eller ein annan av våre tilsette.

## Treng du nokon å snakka med? Me vil gjerne vera her for deg!

I kyrkja er det alltid rom for å kunna snakka om livet på godt og vondt. Prestar og diakonar har teieplikt og er her for deg.

Ta gjerne kontakt med ein av diakonane våre:  
Anja K. Slåtten. Tlf. 417 04 958. E-post: as257@kyrkja.no.  
Sigrid D. Mala. Tlf. 478 49 134. E-post: sm435@kyrkja.no.



## Voss søndagsskule

Datoar for hausten kjem seinare.

## Bolstadøyri søndagsskule

startar opp att i september.

Kontaktperson: Anny Karin Forthun, Tlf. 481 36 520.



# Supertysdag

i Vonheim - for alle familiar!

## 2/6



Meir informasjon på Facebook-gruppa "Supertysdag på Voss - foreldregruppe"

T1 T2 T3 T4 T5 T6 T7 T8 T9

## T-dagar

Scann QR-koden for å få oversikt overplanlegde T-dagar framover. Invitasjonar vert sendt i posten og lagt ut på heimesida vår.



T10 T11 T12 T13 T14 T15 T16 T17 T18

# Tweensklubb

for 5.-8.-klassingar

søndagar kl. 11.00:

31.05. i Vangskyrkja

Datoar til hausten kjem seinare.

Kontaktperson: Vetle Leksbø, Tlf. 947 93 477.



VELKOMEN TIL

## Fredagsklubb

i Kyrkjestova på Oppheim

4. - 6. klasse: 18 - 20  
7. - 10. klasse: 20 - 22

19.06. Sommaravslutning

Kontaktpersonar: Anja K. Slåtten, Tlf. 417 04 958.  
Gro-Marie Samland, Tlf. 479 07 900.

# Refleks Ten Sing

øver i Vonheim

torsdagar kl. 18.00-20.30.

Ungdom frå 13-20 år er hjarteleg velkomne!

Kontaktperson: Ingrid Tønnesen, Tlf. 480 31 200.



## Føremiddagstreff i Raundalskyrkja



onsdagar kl. 11.00

- 10. juni: Utflukt

Vel møtt!



## VOK Voss kantori

øver i Vangskyrkja

tysdagar kl. 18.30-20.00

Songglade vaksne i alle aldrar er velkomne!

Kontaktperson: Gohar Marandyan.  
E-post: gm282@kyrkja.no





## Gravplass i Voss

### Oppklaring om endringar på gravplassane

Oppslag i avisa *Hordaland* har skapt noko forvirring om kva som skal gjelda på gravplassane våre framover. Det har mellom anna vore skrive at me gjennomfører ein «gravplassreform» og at me snur opp ned på gravplassane. Dette stemmer ikkje.

Det me har gjort, er å oppdatere dei gjeldande vedtektene for gravplassane i Voss herad. Dette har vore ein prosess over tid, og endringane er i hovudsak av praktisk og teknisk karakter.

Det er særleg to endringar som er foreslått:

- Gravfeste skal no fornyast og betalast **årleg**, i staden for kvart femte år slik det var før. Dette har mange opplevd som ei forbetring, sidan ein slepp å betala for fem år på forskot.
- Me har ikkje lenger lov til å ta imot **stellfond frå dødsbu**. Stellfond som allereie er oppretta, vil halda fram så lenge det er midlar att i fonda. Me tilbyr framleis stell av graver gjennom avtale for eitt år om gongen, slik me alltid har gjort.

I tillegg inneheld dei nye vedtektene nokre mindre presiseringar, til dømes om bruk av open eld og handtering av avfall, samt ei språkleg oppdatering. Vedtektene er laga etter mal og rettleiing frå Statsforvaltaren. Det er viktig å merka seg at **pris på festeavgift ikkje har samanheng med forslaget til nye vedtekter**, sjølv om dette har vore kopla tett saman i avisoppslaga.

#### Frigrav og freda grav – kva tyder det?

Me får av og til spørsmål om kva som er skilnaden på frigrav og freda grav. Her kjem ei enkel forklaring. Når ei grav vert teken i bruk for første gong, er ho ei **frigrav** i 20 år. Det betyr at ein ikkje betaler noko for grava i denne perioden.

Etter 20 år kan ein velja å behalda grava vidare. Då vert grava gjort om til ei **festa grav**, og ein betaler ei årleg festeavgift. Når ei grav først har blitt festa, kan ho ikkje bli frigrav igjen – heller ikkje om grava vert brukt til ny gravlegging.

Ei grav er alltid **freda i 20 år frå siste gravlegging**. Det betyr at grava ikkje kan brukast på nytt før fredingstida er gått ut. Unntaket er i tilfelle der ei grav er klargjort for to kister.

Har du spørsmål, er du velkomen til å ta kontakt med kyrkjekontoret.

Kyrkjeverja



### Dåpskjolar til utlån på Voss og Vossestrand

Kyrkja i Voss har fått tre dåpskjolar i gåve. Desse kjolane låner me ut **gratis** til dåpsseremoniar i kyrkja. Me har både rosa og blått band, fleire huer, og tek oss av klargjering på førehand og vask etter bruk.

Kontakt oss på **telefon 52 52 38 80 eller e-post [post.voss@kyrkja.no](mailto:post.voss@kyrkja.no)** dersom de ynskjer å låna ein dåpskjole

**Vinje og Oppheim sokn** har også dåpskjolar til utlån. Dåpskjolane ligg oppbevarte i kyrkjene, og kan lånast på kort varsel. Kontakt Oppheim/Vinje sokneråd eller prest for å avtala utlån.

Meir informasjon om dåp finn de på nettsida vår: [www.voss.kyrkja.no/Dåp-konfirmasjon-vigsel-gravferd/Dåp](http://www.voss.kyrkja.no/Dåp-konfirmasjon-vigsel-gravferd/Dåp).

Velkomne til dåp!

### Brurekrone på Vossestrand

Vinje Sokn har brurekrone til Vossabunad til utleige. Krona var ei gåve til bygdefolket og Det Norske Misjonselskap frå Ingeborg Tveite i Myrkdalen i 1955, og var lenge eigd av eit legat. Legatet er no oppløyst og krona er gjeven vidare til Vinje Sokn. Krona er oppbevart i bankboks, og må tingast i god tid før bruk.



Sokneråda på Vossestrand har godt samarbeid med Bygdekvinnelaga, og dei hjelper til ved utlån av dåpskjolane og ved utleige av brurekrone (dei har brurebunad til utleige).

# Kyrkjelege handlingar

## DØYPTE

### Evanger og Bolstad sokn:

29.03.2026 Jakob Nordås

### Granvin sokn:

26.04.2026 Ada Skjerdal Vindal  
Astri Eide Døvre

### Oppheim sokn:

15.03.2026 Håkon Mo Flisram  
05.04.2026 Lilly Slettemark Myklestad

### Vinje sokn:

01.03.2026 Ellie Selje  
15.03.2026 Nora Bjørke Draugsvoll

### Voss sokn:

01.03.2026 Ella Eikefjord Hjorth  
Ida Lie  
Mari Solberg Urang  
Olav Vevletveit Nyre  
Olava Gjerdåker

### Voss sokn:

15.03.2026 Eskil Andreassen Laupsa  
Olivia Lemme Slettemark  
Sofie Øvsthus Oddenes  
06.04.2026 Adriana Heimdal  
Johannes Trolid Brattebø  
Markus Kondwani Kristinsson Ngwenya  
Oliver Kløve Sundal  
Tuva Berre Landro  
Vilja Skorve Kindem  
12.04.2026 Felix Silver Glodic Grevle  
Josefine Bøyum Nielsen  
Noah Lemanski-Skiple  
Olav Garvik Loven  
26.04.2026 Eline Magnesen Vinsand  
Matheo Reinsaas Bergo  
Marius Hårklau  
Knut Nordgård Lid

## DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

### Evanger og Bolstad sokn:

09.10.25 Bergljot Brekkhus f. 1948

### Oppheim sokn:

08.03.26 Lilly Nedkvitne f. 1938  
14.04.26 Aslaug Ure f. 1926

### Raundalen sokn:

02.03.26 Olaug Hellesnes f. 1931

### Voss sokn:

14.02.26 Anny Høyland f. 1943  
14.02.26 Arne Olsen f. 1953  
16.02.26 David Bakketun f. 1936  
17.02.26 Kåre Flatlandsmo f. 1946  
21.02.26 Anna Tepstad f. 1945  
24.02.26 Olborg Brekke f. 1952  
25.02.26 Wenche Jørgine Vaksdal f. 1948

### Voss sokn:

03.03.26 Margit Oddbjørg Fjose f. 1938  
06.03.26 Ingeborg Haugen f. 1939  
06.03.26 Elisabet Hefte f. 1987  
16.03.26 Trygve Dolve f. 1933  
16.03.26 Oddvar Lillevik f. 1936  
16.03.26 Sigurd Skjoldli f. 1939  
24.03.26 Anlaug Kirsti Kløve f. 1964  
16.04.26 Bjørg Mørkve f. 1937



# Gudstenesteliste

## INFORMASJON

Kyrkjeytt for Vossabygdene

PB 49

5701 VOSS

### Bolstadøyri bedehus

- 14.06. kl. 15.00 Gudsteneste med nattverd v/Kvamsøe.  
Basar i kyrkjekjellaren etter gudstenesta.  
26.07. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd.  
06.09. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd.

### Evanger kyrkje

- 05.07. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd v/Kvamsøe.  
23.08. kl. 15.00 **Rasdalen grendehus:** Kyrkjelydstur til  
Rasdalen.

### Oppheim kyrkje

- 24.05. kl. 11.00 Ung Messe med dåp v/Øystese.  
14.06. kl. 11.00 **Jordalen kapell:** Gudsteneste v/Skeie.  
12.07. kl. 11.00 Gudsteneste v/Sandvik.  
06.09. kl. 11.00 Gudsteneste med konfirmantpresentasjon  
v/Sandvik.

### Vinje kyrkje

- 30.05. kl. 11.00 Konfirmasjon v/Sandvik.  
21.06. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp v/Sandvik.  
09.08. kl. 12.00 **Tjødnarhovden:** Stølsmesse v/Skeie.  
16.08. kl. 11.00 Gudsteneste v/Skeie.  
13.09. kl. 11.00 Gudsteneste v/Skeie.

### Raundalskyrkja

- 28.06. kl. 15.00 **Skiple gamle kyrkjegard:** Skiplestemna.  
Friluftsandakt v/Skeie.  
23.08. kl. 11.00 Gudsteneste med konfirmantpresentasjon  
v/Sandvik.  
20.09. kl. 11.00 Hausttakkefest med T3 og T4 v/Sandvik.

### Vangskyrkja

- 24.05. kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste med nattverd  
v/Küspert.  
25.05. kl. 17.00 **Ved Prestegarden:** Friluftsgudsteneste  
v/Leksbø.  
31.05. kl. 11.00 Vossakyrkjemesse med dåp og tweens-  
klubb v/Küspert.

### Vangskyrkja

- 02.06. kl. 12.00 Eldregudsteneste med nattverd v/Küspert.  
07.06. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp v/Hellesøy.  
14.06. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd v/Küspert.  
21.06. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp og nattverd  
v/Küspert.  
28.06. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp og nattverd  
v/Küspert.  
05.07. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp og nattverd  
v/Küspert.  
12.07. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp og nattverd  
v/Küspert.  
12.07. kl. 16.00 **Hamlagrø bedehus:** Gudsteneste  
v/Küspert.  
19.07. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp og nattverd  
v/Skeie.  
26.07. kl. 12.00 **Krossaset:** Olsok-feiring v/Skeie.  
02.08. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp og nattverd  
v/Veland.  
09.08. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd v/Leksbø.  
16.08. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp v/Hellesøy.  
23.08. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp v/Küspert.  
30.08. kl. 11.00 **Vonheim:** Kyrkjelydsfest-gudsteneste med  
nattverd v/Leksbø og Küspert.  
06.09. kl. 11.00 Konfirmantpresentasjons-gudsteneste  
v/Leksbø, Küspert og Skjeldal.  
13.09. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp v/Küspert.  
20.09. kl. 11.00 Hausttakkefest med nattverd og T4  
v/Leksbø.

### Granvin kyrkje

- 14.06. kl. 11.00 Jubileumsgudsteneste v/Ulvik m/fl.  
26.07. kl. 14.00 **Mælandshagen:** Gudsteneste v/Ulvik.  
16.08. kl. 14.00 Gudsteneste v/Ulvik.  
06.09. kl. 14.00 Gudsteneste med konfirmantpresentasjon  
v/Ulvik.  
13.09. kl. 14.00 **Mælandshagen:** Gudsteneste med  
nattverd v/Ulvik.

**Ver merksam på at det kan koma endringar på gudstenestelista!**

Følg med i avisa Hordaland eller i kalenderen på [www.voss.kyrkja.no](http://www.voss.kyrkja.no).



**Dåp kan bestillast  
via kyrkja si heimeside:  
[www.voss.kyrkja.no](http://www.voss.kyrkja.no)**

Gå til dåp påmelding og kryss av for den eller dei kyrkjene som kan vera aktuell for å få fram gudstenester der det er sett opp dåp i komande halvår.

Har du spørsmål, kan du kontakta oss via telefon: **56 52 38 80** eller e-post: **[post.voss@kyrkja.no](mailto:post.voss@kyrkja.no)**